

Treungenbanen

Åmli - Treungen

Lengde. Distance:
34.9 km.

Tid. Duration:
2.5 t/h.

Stigning. Gradient:
90 m.

Vanskeleghetsgrad. Difficulty:
Lett. Easy


Underlag. Surface:
Asfalt 50%, grus 50%. Asphalt 50%, gravel 50%.



Foto: Olav Jakob Tveit



Foto: Siri Hafnor



Denne turen følger den historiske jernbanestrekninga mellom Åmli og Treungen. Jernbanen gjekk frå Arendal til Treungen, og blei først kalla Arendal - Aamlibanen, deretter Tveitsundbanen og i 1926 Treungenbanen. Banen blei ferdig fram til Treungen i 1913, og blei nedlagt i 1967. Det blei frakta malm, tømmer og passasjerar på strekninga, og nesten alt av kolonial- og manufakturvarer kom med toget. Av lokalprodukt blei lìvdyr, slakt, skinn, honning og bær sendt med jernbanen.

Langs sykkelruta vil du sjå mange flotte kulturminne frå jernbanedrifta og frå tømmerfløytinga langs Nidelva. Sjå etter steinmurar, vasstårn, vakre bruer og staselege stasjonsbygningar. Bygningane er i privat eige, så vis omsyn. Naturen er vakker med elvar, vatn, fjell, svaberg og skog.

Sykkelvegen har lite stigning, og går stort sett på eigen trasé utan biltrafikk. Det er fleire flotte badeplassar på turen, og ønskjer du å kombinere sykling og vandring, finn du forslag markert med vandresymbol på kartet.

Du finn kafé, butikkar og overnatningsplassar både i Åmli og Treungen. Sykkelturen eignar seg godt for syklistar i alle aldrar.



This ride will take you along the historical railway track between Åmli and Treungen. The railway went from Arendal to Treungen, and was first called Arendal - Aamlibanen, then Tveitsundbanen and in 1926, Treungenbanen. The track was completed to Treungen in 1913, and was closed down in 1967. The railway was mainly used for transporting ore and timber, but also berries, honey and passengers.

Cultural monuments from the operating period of the railway, and from timber whistling in Nidelva characterizes the trip. Look for stone walls, water towers, stone bridges and old station buildings. The Station buildings are in private ownership, so please show respect for people who live there. The scenery is beautiful with rivers, lakes, mountains, rocks and forests.

You will mainly ride on the railway track, which has little incline and no car traffic. However, you will have to cross and ride along trafficked roads in short stretches.

There are great spots for swimming in lakes and rivers.

We recommend combining your ride with a hike on one of the amazing hiking tracks. There are suggestions marked with walking symbols on the map. You will find cafés, shops and accommodation in Åmli and Treungen.

The ride fits cyclists of all ages.



TELEMARK

Åmli - Treungen

